



H Ø G S K U L E N I  
S O G N O G F J O R D A N E

Sakshandsamar  
Astrid Sandnes, tlf 57 67 60 83

Vår dato  
31.03.2005

Dykkar dato  
07.12.2004

Vår referanse  
04/1430 - 1434/05

Dykkar referanse  
200308693 / AT

UFD		
04 APR. 2005		
200308693	75	011

Utdannings- og forskingsdepartement

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Høyring - BIBSYS framtidig organisering og oppgåver

Vi syner til brev av 07.12.04 der vi blir bedt om å kome med synspunkt på arbeidsutvalet si innstilling. Innstillinga har vore til vurdering hjå bibliotektenesta ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Høgskulen vil generelt gje ros for ei framtidsretta utgreiing som strekar opp kva rolle Bibsys kan og bør spela i uh-sektoren i åra som kjem.

Som ein mellomstor høgskule er vi i hovudsak godt nøgde med måten Bibsys fungerer på i dag for oss og brukarane våre. I nordisk samanheng er vi stolte av Bibsys, og vi ser deltaking i Bibsys-samarbeidet som fundamentet for bibliotektenesta. I den moderniserings- og endringsprossessen som Bibsys no har framføre seg, må vi få lov å be om at "barnet ikkje vert slått ut med badevatnet", at det som er Bibsys sine sterke sider ikkje vert svekka, og at økonomien i dette ikkje vert slik at basistenevene vert dyrare enn det dei er i dag for dei mellomstore og små fagbiblioteka. Heile fagbibliotekmiljøet i Norge er tent med at så mange som mogleg nyttar Bibsys som system.

Det går tydeleg fram av utvalget si innstilling at vi skal kaste overbord "Bibsys-som-familie"-omgrepet, medlemsomgrepet, til fordel for eit meir reindyrka kunde-leverandørforhold: "Lever den vara vi ber om, elles kjøper vi hjå andre!"

### Merknader til utvalet sine forslag

Vi vil sterkt vektleggje Bibsys sine nasjonale oppgåver og støttar desse utsegnene: "Bibsys representerer et nasjonalt gode som bør sikres og ivaretas som en sentral nasjonal oppgave" og "Bibsys' nasjonale oppgåver bør fremheves og vektlegges i større grad enn hittil... et nasjonalt gode som bør sikres og ivaretas som en sentral, nasjonal oppgave..."

Dette må ligge i botn for det som måtte kome av endringar.

### Kunde- og produktorganisering

Bibsys sin strategi har til no vore teneleg for sektoren. Bibsys har fungert som eit nasjonalt kompetansesenter og vi er ikkje interessert i at ein reindyrka kunde- og marknadsstyrt ideologi skal overta. Ulike økonomiske rammevilkår vil i så fall føre til ulik informasjonstilgang i uh-sektoren, og gje dei store utdanningsinstitusjonane klare konkurransefortrinn. Dette dreiar seg om å oppretthalde tilbodet om høgare utdanning i heile Noreg.

Samstundes støttar vi fullt ut utvalet si vurdering av at basissystemet treng modernisering eller utskifting. Men dette må gjerast innafør rammer som både små og store fagbibliotek kan leva med.

<b>Postadresse</b> Høgskulen i Sogn og Fjordane P.b. 133, 6851 Sogndal	<b>Avdeling</b> Studieadministrasjonen	<b>Besøksadresse</b> Fossvegen 6	<b>E-postadresse</b> post@hisf.no	<b>Telefon</b> 57 67 60 00	<b>Telefaks</b> 57 67 61 00
--	---	-------------------------------------	--------------------------------------	-------------------------------	--------------------------------


Vår dato  
31.03.2005Vår referanse  
04/1430 - 1434/05**Brukarmedverknad**

Bibsys har hatt fokus på brukarmedverknad og gjeve alle deltakarar høve til å påverke avgjerdsprosessane. Vi trur ikkje at profesjonalisering av styret og nedlegging av Bibsys råd vil vera til hinder for å vidareføre dette, og meiner at biblioteka sine interesser bør kunne ivaretakast gjennom systematisk brukarmedverknad og til dømes faste regionale møte. Vi er meir skeptiske til nedlegging av referansegruppene. Desse har også ytt eit press på biblioteka sjølve til å halda seg oppdatert og ta ansvar for felles fagleg utvikling. Det er muleg at dette kan ivaretakast av tidsavgrensa prosjektgrupper, men då bør deltakarar bevisst rekrutterast frå både små- og store fagbibliotek, og gjevast like økonomiske vilkår for deltaking.

**Organisasjonsform**

HSF er som ein mellomstor høgskule interessert i at Bibsys framleis fungerer som ein reiskap for heile uhsjektoren. Høgskulen meiner ut frå dette at det er mest tenleg at Bibsys vert organisert som eit statleg forvaltningsorgan. Organisering som forvaltningsorgan gir gode vilkår for etablering av eit profesjonelt styre, og vi kan ikkje sjå at det på nokon måte skulle hindra utvikling av ein marknads- og serviceorientert organisasjon.

Med helsing

Hans Jørgen Binningsbø (sign)  
Direktør

Johs. Thaule  
Rektor